

Helseskjema ved tilsetjing og gjeninntreding etter permisjon

(Gjeld også for personar i utdanning, hospitanter og liknande)

Skjemaet skal vera levert til leiar seinast 14 dagar før du skal byrja i arbeid i Helse Fonna.

Fødselsnummer		Etternamn		For- og ev. mellomnamn		
Adresse						Mobiltnr.
Klinikk/område		Seksjon (avdeling/post)		Næraste leiar		Telefonnr. leiar
Tilsetjingstilhøve		Stilling		Stillingsprosent		Tiltreding / gjeninntreding i stilling Dato
Fast <input type="checkbox"/> Vikar <input type="checkbox"/> Praksis <input type="checkbox"/>				%		

Skal du gå i arbeid med pasientkontakt? JA NEI

Har du levert Helseskjema i Helse Fonna tidlegare? Dersom JA, og der ikkje er endringar i opplysningane under vedr. risiko for MRSA- eller tuberkulose-smitte, eller vaksinasjonsstatus, treng du ikkje fylla ut resten av skjemaet. JA NEI

Undersøking for MRSA
(antibiotika-resistente bakterier)

1. Har du i løpet av dei siste 12 månadane vore pasient ved eller arbeidd i helseinstitusjon i land utanom Norden? JA NEI

2. **Dersom JA på spørsmål 1:** har du teke MRSA-prøvar etter at du kom tilbake og **før jobbstart?** NB! Prøvar skal tas frå nase og svelg, og i tillegg frå ev. skada hud (sår, eksem e.l.). JA NEI

Dersom JA på spørsmål 2: Prøvar tekne (dato) _____ Resultat _____

Dersom NEI på spørsmål 2: kontakt fastlegen din for prøvetaking.

Undersøking for tuberkulose
(TB)

1. Er du fødd i land med høg forekomst av TB? JA NEI

Har du i løpet av dei siste 3 åra opphalde deg 3 måneder eller meir i land med høg forekomst av TB? JA NEI

2. **Dersom JA på eitt eller begge spørsmåla under pkt. 1:** har du teke røntgen av lungene etter ankomst Noreg, **før jobbstart**, for å utelukka smittsom lunge-TB? JA NEI

Røntgenundersøking: Når (dato) _____ Resultat _____

Dersom NEI på spørsmål 2: kontakt fastlegen din for henvisning til undersøking.

Det skal også tas **blodprøve (IGRA)**, ev. tuberkulintest (TST), for å utelukka latent TB-sjukdom, dersom risiko for TB-smitte. Slik prøve skal tas 8-10 veker etter ankomst Noreg. Du kan byrja i jobb før denne er klar.

NB! Frivillige opplysningar

IGRA (Quantiferon/QFT eller T-Spot) Når _____ Resultat _____

TST (Mantoux) Når _____ Resultat _____

Opplysningar om vaksinasjon

Er du vaksinert mot fylgjande sjukdomar:

Hepatitt B	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja: når? _____ 3 doser? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Målt antistoffnivå? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Tuberkulose (BCG-vaksine)	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja: når? _____ Synleg arr? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Tetanus (stivkrampe)	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja: sist vaksinert når? _____
Difteri	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja, sist vaksinert når? _____
Rubella /«røde hunder» (MMR-vaksine)	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja: når? _____
	Nei <input type="checkbox"/> Eventuelt hatt infeksjonen? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Når? _____
Meslingar (MMR-vaksine)	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja: når? _____
	Nei <input type="checkbox"/> Eventuelt hatt infeksjonen? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Når? _____
Hepatitt A («smittsom gulsott»)	Ja <input type="checkbox"/> Dersom ja: når? _____
	Nei <input type="checkbox"/>

Dato:	Underskrift arbeidstakar	Dato:	Underskrift leiar
_____	_____	_____	_____

Informasjon for utfylling av Helseskjema ved tilsetjing og gjeninntreding:

Generelt:	<p>Arbeidsgjevar må ha svar på desse spørsmåla for å sikra at du ikkje blir smittekjelde til pasientar / kollegaer.</p> <p>Leiar skal kontrollere at skjema er fullstendig utfyllt, og tek kontakt med deg dersom opplysningane krev vidare tiltak. Leiar kan også kontakta bedriftshelsetenesta (BHT) i Helse Fonna for ev. medisinsk oppfølging av opplysningane.</p> <p>Skjemaet skal sendast til din leiar seinast to veker før du byrjar i arbeid, og leiar skal signera det og senda det til Dokumentsenteret for scanning til arkivsystemet ePhorte (f.o.m. våren 2019 til Elements).</p> <p>Du kan ikkje byrja i arbeid i Helse Fonna før opplysningane er mottekne og gjennomgått av leiar.</p>
MRSA (antibiotika-resistente bakterier)	<p>MRSA-prøvar skal etter "Forskrift om forhåndsundersøkelse av arbeidstakere innen helsevesenet - antibiotikaresistente bakterier" § 4 tas etter opphald i løpet av siste 12 mnd som helsearbeidar eller pasient i helseinstitusjon (t.d. sjukehus, poliklinikk, tannklinikk o.l.) i land med høg forekomst av MRSA*, før du byrjar i arbeid i norsk helseinstitusjon, for å utelukka at du er bærar av MRSA.</p> <p>* F.o.m. 2014 er dette definert som alle land utanom Norden, jmf. MRSA-veiledaren frå Nasjonalt Folkehelseinstitutt (FHI), s. 16: https://fhi.no/publ/eldre/mrsa-veilederen/</p> <p>Prøvar skal også tas etter arbeid/opphald i norsk helseinstitusjon med MRSA-utbrot, etter arbeid i barneheim, flyktningleir eller annan kjent kontakt med MRSA-smitte i løpet av siste 12 mnd.</p> <p>Resultatet av prøvane må vera bekrefta negativt før du tiltrer i stilling.</p>
Tuberkulose (TB)	<p>Tuberkuloseundersøking skal etter "Forskrift om tuberkulosekontroll" § 3-1.1 gjerast etter opphald i meir enn 3 månader i løpet av siste 3 åra i land med høg forekomst av tuberkulose (TB) **, før du byrjar i arbeid i norsk helseinstitusjon, for å utelukka smittsom tuberkulosesjukdom.</p> <p>** Pr. desember 2018 er dette definert av FHI i fylgjande liste: https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/tuberkulose/land-med-hoy-forekomst-av-tuberkulo/</p> <p>Høgforekomst-landa har enten meir enn 40 TB-tilfelle pr 100.000 innbyggerar, eller høg forekomst av multiresistent TB. I praksis omfattar kravet om undersøking dei fleste land i Aust-Europa, Afrika, Asia, Latin-Amerika samt Grønland. Sjekk lista!</p> <p>Kravet om undersøking gjeld etter alle typar opphald i høgforekomstland, uavhengig av om du har vore i helseinstitusjon eller ikkje. Ved høg risiko for smitte (arbeid i sjukehus, flyktningleir e. l.) er undersøking aktuelt også etter kortare opphald enn 3 mnd.</p> <p>Røntgenundersøking av lungene må vera bekrefta i orden (dvs. utan TB-suspekte forandringar) før du tiltrer i stilling. Røntgenundersøkinga skal tas etter at du har kome frå høgforekomstland til Noreg, men det bør ikkje gå lengre tid enn 6 mnd mellom undersøkinga og oppstart i arbeid i sjukehuset.</p> <p>Du skal også ta blodprøve (IGRA/QFT), evnt. tuberkulintest (TST/Mantoux), etter opphald i høgforekomstland for TB. Formålet er å utelukka latent TB.</p> <p>Prøven skal tas tidlegast 8-10 veker etter opphaldet.</p> <p>Du kan tiltre i stilling før resultatet av sistnemnde prøve(-ar) er klart, og arbeidsgjevar har ikkje krav på resultat av desse prøvane.</p>
Vaksinasjon	<p>Arbeidsgjevar skal sikra at du får tilbod om vaksiner mot ulike smittsomme sjukdomar som du kan bli utsett for i arbeidet ditt. Vaksinetilbodet vil vera ulikt for ulike avdelingar og yrkesgrupper, ut frå kva for risiko som er aktuell der du skal arbeida. Det er difor ynskjeleg å få oversikt over kva for vaksiner du har teke tidlegare, men opplysningane er frivillige.</p> <p>Dersom du er usikker på kva for vaksiner du har teke og når, kan du sjekka vaksinasjonskort som du har fått på helsestasjonen ved vaksinerings i barne- og ungdomsalder, evnt. søka opp oversikt via det nasjonale vaksinerregisteret SYSVAK. Rutinemessig vaksinerings i barnevaksinasjonsprogrammet i Noreg er registrert f.o.m. 1995 (eller tidlegare i nokre fylke). Vaksinerings av vaksne (t.d. yrkesvaksinerings eller vaksinerings før utanlandsreiser) skal vera registrert f.o.m. 2011.</p> <p>Sjå https://fhi.no/hn/helseregistre-og-registre/sysvak/</p>